

# Bygdeoriginalen Josva Kyllingstad



## Innhald:

|   |    |
|---|----|
| <b>Vandringsmannen Josva</b> .....              | 2  |
| <b>Handel og teneste</b> .....                  | 2  |
| <b>Religiøs person</b> .....                    | 4  |
| <b>Brennevinsal</b> .....                       | 5  |
| <b>Mennesket Josva</b> .....                    | 7  |
| <b>Gamleheimen</b> .....                        | 8  |
| <b>Gunhild Kvinnen fortel</b> .....             | 9  |
| <b>Brita Hadland fortel</b> .....               | 10 |
| <b>Sigfrid Tøge Figved fortel</b> .....         | 10 |
| <b>Paul Tengesdal skriv i «Erindring»</b> ..... | 11 |
| <b>Kjelder:</b> .....                           | 12 |
| <b>Ættetavle</b> .....                          | 13 |

## Vandringsmannen Josva

Josva var fødd på Kyllingstad i Gjesdal i 1842. Han var nest yngst av 9 søsken. (Frå boka «Gards- og ættesoge for Gjesdal», av Søren Arneson).

Faren til Josva, Johannes Ingebretson, kom frå Vodlen. Han flytte til Klapperdalen og der blei Josva født. Johannes fekk skjøte på bruket den 19. mars 1813, tinglyst 19. november 1822. (Side 121).



Eldste søstera til Josva, Martha, gifta seg i 1846, med Lars Torgerson. Paret budde først heime hjå faren hennar i Klapperdalen, men så fekk dei ein plass der dei bygde hus. Lars kalla plassen «Lufto», av di det låg så høgt. Han dreiv med slakting og anna arbeid. (Side 125). Josva budde nok ein del hjå henne, difor meiner fleire at han vaks opp på «Lufto».

Josva hadde ikkje nokon fast bustad, men var rundt hjå søskena sine når han ikkje var på vandring. Dei siste åra før han kom på gamleheimen, budde han hjå broren og etterkomarane hans på Edland. Han døydde på gamleheimen på Ålgård i 1934, 92 år gamal.

Det uvanlege med denne mannen var den merkelege vandrehugen hans. Han vart kalla både for vandringsmann, ferdamann og for ein gå kunstnar, han gjekk så lett og fort. Han var så å seia støtt på vandring. Alltid bar han på ei lerskreppa som han hadde nokre navrar, ljåar og treskojern i, som ein eller annan hadde bestilt av ein smed han kjente, som han så tente nokre øre på å bera fram. Han var uunnverleg for slike små tenester.

Det hendte han gjekk eit par mil etter ein bortkomen sau, for 50 øre. Det var ikkje det han levde av. Han levde helst av vandringa si. Han fekk mat og husvære kor han kom, for alle likte å få ein prat med Josva. Frå Høgsvjord i Rogaland til Sirdal i Vest Agder, er det nok ikkje mange hus som ikkje Josva har vore inne i. Unnateke byane då. Det var ikkje avisar i den tida, så nyhende frå bygda og andre bygder var kjærkomne.

Som eit merke på den veg lengda han kunne greia om dagen, kan nemnast at han var ved Tonstad kyrkja i Sirdal tre preikesundagar på rad. Og i mellom kvar preik hadde han vore heime i Gjesdal. Tredje sundagen han kom til Tonstad kyrkja, var der ein mann som gjekk burt og sette fingeren på han og sa: «Eg måtte kjenna etter om det var du Josva, eller om det var hamen din».

## Handel og teneste

Folk sende bod etter Josva om ein hest eller ku skulle til slakthuset på Sandnes, han kom og leidde dyra på plass. Like til Sirdal fór han etter dyr.

Ein haust tok Josva på seg å leie ein ver i band heilt frå Sirdal til Jæren for 50 øre, har det blitt fortalt.

Josva gjekk ærend for folk, men han dreiv òg med handel. Han kjøpte ljåar på Kyllingstad fabrikk og av Ole Bollestad. Til å frakte varene hadde han ei trillebåre med trehjul og jernband rundt, av det

slaget jærbuane brukte i torvmyrane til å trille torvene utover med. Det vart lange reiser, sørover heile Jæren og Dalane, på kryss og tvers, frå gard til gard. Til Sirdal fór han med trillebåra si, opp gjennom Gyadalen. Ljåane han selde på, hadde godt ord på seg, det var skikkelg vare. Av og til hadde han òg vrakljåar med seg og selde, dei vart billigare. Josva var kjent for skreppa på ryggen, trillande på ei trillebåre.

Dersom han ikkje hadde noko å ha med tilbake frå Sirdal, tok òg trillebåra med seg tilbake over heiane. Det hende òg at han selde trillebåra.

*(Her har eg to forskjellige forteljingar som kan vere eit eksempel på at dei ein gong har vore like, men har blitt ulike over tid):*

Ein gong då han var kome langt opp i Sirdal og hadde fått selt alt han hadde med, trefte han på ein heiegjætar (i ein annan forteljing var det ein anleggsarbeidar). Gjætaren ville kjøpa trillebåra og handel vart det. Kjøparen slo sund trillebåra og skulle bruka treet til kaffived. Då gret Josva.

Etter ein Sirdals tur kom han ein vår trillande med hjulbåra over Storeknuten etter driftevegen, med andre ord «Den vonde vegen». Ved Valevatn møtte han Jesper K. Ravndal og Jonas Gjesdal. Dei tykte synd på stakkaren og kjøpte båra hans. Då han skilde seg av med båra, gret han.

Alltid var han på fart eller i arbeid. Summe tider var arbeidet å treske med tust for folk. (Før folk fekk treskjeverk, brukte dei tust til å banka kornet laust frå strået). Elles gjekk han ærend for folk som bad om det. Ofte kunne ein møta Josva når han var på veg til byen med slaktedyr. Det fanst jo ikkje bilar på den tida, slakt måtte leiast eller drivast.

Ein gong skulle han leia ei ku for ein gjesdalbu til Sandnes. Kua var svært mager. På Sandnes vart det sagt til Josva at han kunne verta melde for dyreplageri. Josva vart redd og selde kua for 14 kroner og kom seg fort av garde att.

Om sommaren arbeidde han av og til i slåttan for folk, skreiv Georg Fuglestad. Ein sommar var han hjå oss på Fuglestad (hjá Thomas, far av Georg). Ein dag dei slo i fjellet, var det så fælt med fluer. Då dei kvilte middag, låg Josva og las i katekisma, men han måtte slutta å lesa for fluene plaga han så fælt. «Hev de sett så mange fluer djevelen sender for å plage meg», sa han.

Josva var med på sauesanking i Sirdalsheiane, og drifta skulle drivast heim. På vegen måtte dei passera Kvina ved Håhellar, der det var ein vadeplass. Elva var ganske stri, slik at einkvan måtte over først for å strekkja eit tau. Dette var for å halda seg sjølv i, og for å hjelpa sauene om dei ville reka av, sauene måtte både vassa og symja. Josva vart lokka med 2 kroner dersom han gjekk over først med tauet. Der elva var på det striaste, fekk Josva store problem, og det var så vidt det gjekk godt. Etterpå spurde dei Josva: «Kva tenkte du på då det var på det verste»? «Æg tenkte på det dei to kronene», svara Josva.

Ein vår, truleg i 1916, (han var då over 70 år) hadde Nicolai Kyllingstad (Heljen) med seg Josva på heiaveg. Dei blei liggjande i Kodedalen og venta på dagslys til å kome over Sandvasselva. Eit par drifter til var der, og ein sirdøl var stadig frampå og heldt ap med Josva på ein mindre fin måte. Josva var ein kar som både banna og bad, og forstod nok meir enn sirdølen trudde. Han gjekk bakom ein stein og la seg på kne og bad. Dei som såg på tykte det var rørande og fleire vart blanke i augo. Då han kom fram att, spurde sirdølen: «Kva gjorde du bak steinen»? «Æg ba». «Kven ba du for»? «Alle saman. Æg ba for deg au, din forbanna tosk».

*(Denne trur eg òg har vore den same forteljinga som den over, men det meste kan ha blitt gløymt når forteljinga har gått frå mann til mann).*

Ei annan gong han var med og skulle passere ei elv, fór Josva bak ein stein. Ein av mennene spurde kva han gjorde bak steinen. Josva svara at han bad til Vår Herre «å æg ba for deg au».

Josva skulle hogga ved for presten. Det fall seg slik at det vart på ein bededag. Presten hørde det var nokon som arbeidde i vedhuset. Då han såg etter, var det Josva som dreiv på å hogga ved. Presten spurde om han ikkje visste det var bededag. «Æg bryr meg ikkje om den flyttinga av bededagen. Æg held meg til det gamle», var svaret. (Wikipedia: Frå 1686 var Bots- og Bededagen på den fjerde fredagen etter påske. I 1915 vart dagen flytta til fredag før Allehelgensdag. Frå 1950 har Bots- og bededagen vore søndag før Allehelgensdag).

I Sirdal brukte dei lampa, nokre snøsokkar dei trekte utanpå framme på skoa, laga av kuhalehår innblanda litt saueull. (Dei såg mest ut som nokre posar med band til å feste rundt skohælen). Desse var gode og varme, og skoa vart ikkje glatte, gode å ta seg fram med i snøen, for eksempel i «sareskog». Difor var det etterspurnad etter halehår, noko Josva nytta seg av. Han gjekk rundt i Dalane og på Jæren og bad om halehår og selde det i Sirdal. «Goddag, goddag og takk for seinaste. Hev de kurompe»? spurde han med det same han kom til gardane.

Han var med å jaga nokre geiter i Sirdal, men dei var ganske umogelege å jaga. Josva banna på geitene alt han kunne. «Trur du inkje det er synd å banna» spurde ein han. «Det er aldri synd å banna på geiter», svara Josva.

Georg Feed fortel at Josva selde sakser, saueklavar og ljåar. Varene frakta han med seg i ei trillebåra heilt til Sirdal. Han overnatta ofte hjå Ola Eikeland i Espetveit. Ein dag brakk rammen til ei gindsag mens Ola arbeidde med saga. Same kvelden kom Josva til gards. Ola spurde om Josva kunne reparere saga, noko Josva meinte det ikkje skulle vere problem med, men han måtte heim til Kyllingstad for å klare jobben. Han la saga i trillebåra og begynte på den lange turen heim. To dagar seinare kom han ekstra tilbake til Espetveit med saga i trillebåra. Det einaste han skulle ha for bryet var 25 øre som han hadde lagt ut for ein liten reservedel. Var ein venn, så var ein venn!

## Religiøs person

Josva var ein religiøs person, men han var plaga av eit kompleks som han aldri kunne frigjera seg for, det var redsla for vondemannen og helvetets straffa. «Redsla for vondemannen var ei stod plage i barneåra mine. Dei vaksne trudde fullt og fast på at han kunne dukka opp og vise seg utan varsel», seier Gunhild Kvinen i boka som er skrevet om henne. Var du ikkje gild, så kunne styggemannen koma å ta deg, vart ungane skremde med. Det var nok mange fleire enn Josva som var veldig redde for styggemannen.

Når han kom og skulle inn til folk, kunne han gjera korssets teikn. Han ville halda «Djevelen og alt hans vesen» på avstand.

På dei lange einsame ferdene over heier og ødemark, når han trøyt og svolten la seg til å kvila og sova i solbakkane, drømde han forunderlege draumar om dette, som han trudde var verkelege. Når han så kom fram til folk kunne han fortelja dei merkelegaste historier.

Josva hadde vore i Øvre Sirdal for å tene nokre slantar på sal av brennevin. Han var på veg frå Handeland til Tjørhom då han møtte vondemannen. Djevelen ville ta han av di han hadde synda og selt brennevin. Josva meinte då at han og vondemannen kunne inngå eit veddemål. Dersom Josva klarte å kome først fram til Tjørhom, skulle han få behalda sjela si. Dersom vondemannen vann, tyda det evig fortaping. Heldigvis var Josva lokalkjent. Då dei kom fram til evja, der kor kraftstasjonen nå ligg, klarte Josva å vasse over, mens djevelen måtte gå rundt. Dermed tapte vondemannen. «Nå kan

du stå der, din evige satan», ropte Josva, før han lett til sinns tok fatt på veien videre oppover dalen. (Fortalt av Georg Feed).

Ein gong han gjekk frå Kyllingstad til Nordås, fekk han auga på den vonde som gjekk og vaste med noko nede i åkanten. Josva tok til sprangs heimover Eikebakken medan den vonde sprang heimover langs elva. Då Josva kom til Nordal var han mest sprengd. Kona på garden spurde då kva det var for mirakels, han sprang så fort. «Den vonde æ itte meg. Det va så vidt han ikkje fekk ta meg», sa Josva.

Ein gong var han på veg frå Helland i Gjesdal og til Foss i Bjerkreim. Då han var komen til Dybingen, kom han over ein hoggorm som låg der og sola seg. Josva gav han eit slag over ryggen med staven sin, så han vart så låma (lam) at han ikkje kunne koma seg vekk. Så gjorde han i stand eit dugeleg bål, kveikte på og la ormen på bålet, og så sa han: «Nå kan du ha det så godt din satan, å liggja der å steikast. Hadde det ikkje vore for di skuld, hadde eg vore i paradis den dag i dag».

Ein varm sommardag låg Josva og kvilte middag i skuggen under ein stor raun som stod ved løa på Opsal i Gjesdal. Då drøymde han at han såg at den vonde kom og tok ein av kjenningane hans, som heitte Torgir og budde på andre sida av vatnet, nedfor der han låg. Mannen gret og bad om å få sleppa og sa: «Eg har alltid vore en kristeleg mann å eg he talt fø andre og». Men ingenting hjalp. Den vonde drog han ned til vatnet, og uti bar det, og så forsvann dei for godt.

Ein annan gong han skulle frå Kyllingstad til Nordås, kom han over fjellet. Då han var komen om lag halvvegs, visste han ikkje ordet av før vondemannen stod midt i vegen. «Å, då forstod æg med ein gong at det var meg han ville ta», sa Josva. Han hadde ein gong i ungdomslettsindegheit bant på løgn, og hadde sagt: «Visst dæ inkje æ sant, så må fann ta meg. Æg spekulerte på koss æg sko koma or denne knipa. Å, så sa æg: «Æg forstår du vil ta meg nå, men æg går 'kje godvillegt. Men me kan kappspringa til skaret på Lågafjeld. Visst du verte føste, skal du få meg, å viss æg verte føste, ska æg vera frie». Så sette me te sprangs, men så visste æg om en beinveg, å tog den. Å då den vonne kom springane til skaræ mæ tunga langt ut av kjeften, stod æg alt på plassen, men då kan du tru æg les han: «Nå kan du stå der din rektege sattan, din forbanna jævel, sa æg, nå ska du alre få tak på meg meir».

Etter denne oppgjera med den vonde var det mest som Josva kjende seg tryggare og meir frigjort frå djevlesmakta, men han var likevel alltid på vakt mot den vonde.

Ein gong var han på veg frå Vikeså i Bjerkreim. Han gjekk riksvegen, for han var gamal og likte betre å gå langs vegane. Då han var komen over toppen på Runaskaret, kom det køyrande ein motorsyssel med sidevogn og tri mann på. Den som sat og styrde hadde store, mørke brille. Då Josva såg denne forunderlege køyregreia, og mannen med dei fæle store, svarte augo, var han sikker på at det var djevelen sjølv som var ute og køyrde. Karane på sykkel stoppa og spurde Josva om han ville køyra seg. «Nei», sa Josva, «dæ æ langt derifrå. De kjøre meg bara beint til helvede». Karane køyrde så vidare. Josva stod og såg etter dei, og såg dei fór framom Bue med stor fart og fælt brak, og han tykte grangiveleg dei køyrde rett på Buevatnet og forsvann i djupet.

## Brennevinsal

Ein kveld i skumringa sat eg (Georg) åleine inne i daglegstova på Fuglestad og spela på fela. Då gjekk døra stilt opp og Josva steig inn. Han sette seg på ein stol nede ved døra, og sat ei stund og lydte på spelet. Så tok han til å gråta. «Du må slutta, du må hengja opp felå. Når æg høyre fela, kjeme æg bara på ein gong æg va på dans, å då danste æg med ei jenta. Dæ æ forfærdeleg koss me kan synna når fela lokka», sa han, og turka tårene. Eg hengde fela på vegg og spurde kor han hadde vore i natt. «I natt va æg på Veen, å i går natt va æg sjå ei kona på Dirdal. Dæ va et svin te kjering. Hu stol fem å

førte øre i frå meg. Ja, det jore hu, men hu ska koma te helvete, å dæ ska verta te pass te na, ja, dæ ska dæ», sa han, og strauk av ei fyrstikk og kveikte pipa som hadde slokna medan han tala.

«Kor langt har du tenkt deg i morgon», spurte eg. «I mårå skal æg te Varp med en treskonavar så mannen på Varp he bestilt. Å så he æg eit æren te Eigersund med det sama, æg æ så langt nere i bygda». Eg forstod kva han ville i Eigersund. Han ville kjøpa to-tre flasker brennevin på bolaget der. Dette gjorde han kvar gong han var i Eigersund, så selde han dei att, og tente ei krone på flaska. Dette var han heilt nøydd til, tykte han. Det gjekk så mykje i skosålar og tobakk at det rakk ikkje til det vesle han tente på treskoreiskapen.

Når Josva var ute med skreppa, kunne han anten vera på veg til eller frå Eigersund. I dei dagane var det brennevinutsal i byen. Han for rundt og tok mot tinging før han drog. Ja, mang ein gong kunne han gå frå Øvre Sirdal til Eigersund med tom skreppa, og på tre dagar var han tilbake att med full skreppa. Han gjekk mykje desse turane for anleggsarbeidarane, Josva stod alltid til teneste. Frå Øvstebøstølen til Eigersund og tilbake, brukte han tre dagar, alltid til fots.

Josva kunne finne på det utrulege når det galdt å berga seg for mistanke, denne handelen var ikkje lovleg. Ein gong han gjekk ærend for anleggsfolka i Oltedal, sa han at han skulle sjå på ei ku hjå ein bonde i Oltedal.

Vegen frå Eigersund til Gjesdal gjekk forbi Gjedrem, der lensmannen budde. Josva prøvde å unngå lensmannen, brennevinshandel var jo ulovleg. For å vere sikker på å unngå lovens lange arm, tok han av og til ein omveg over heia, tok opp til venstre ved Bjerkreim.

Det vart eit forferdeleg torevêr ein gong han var på veg heim frå Eigersund med skreppa full av brennevin. Josva var svært redd for torevêr og bad Vår Herre om hjelp. Han lova Vår Herre at han aldri skulle kjøpa og selja brennevin meir dersom dette gjekk godt. Josva fekk det han bad Vår Herre om, men Josva greidde ikkje sjølv å halda sin lovnad.

I 1904 begynte dei med å laga vegen frå Nedrebø til Skjæveland i Bjerkreim. Thomas Fuglestad, Lars Fuglestad og Viljen Nedrebø hadde fått kr 12.000 for å laga vegen. Dei hadde lenge prøvt å få ny veg der. Vegen er på 6 km og dei vart ferdige i 1908. Arbeidarane fekk 20 øre timen i arbeidsløn. Mange kom og ville arbeida på vegen, fleire heilt frå Austlandet. Laurdagane var lønningssdag og mange skulle då ha tak i brennevin. Josva Kyllingstad fekk 50 øre for å gå frå Fuglestad og til Eigersund for å kjøpa brennevin til karane.

Frå Gjesdal til Sandnes gjekk han for 50 øre, mens han tok 1 krone for ein tur til Stavanger.

På Hegelstad i Bjerkreim var det auksjon etter Peder Hegelstad som døydde i 1897. På auksjonar er det viktig å få mange og høge bod. For at folk skulle by mykje, sende dei Josva til Eigersund etter brennevin. Dei rekna med at pengane hang laust når brennevinet før inn. (Peder døydde etter at han hadde skore stortåa med ein ljà. Det gjekk kolbrand i såret og han døydde bare 29 år gamal).

Det var mange som ikkje likte dette brennevin salet, spesielt når han selde til ungdommane. Folk skjente på Josva. Lensmannen fekk inn klage frå folk. Lensmannen måtte difor ha tak i Josva og ein gong reiste til Madland, kor han visste Josva var. Josva hadde ikkje nokon fast bustad, men var hjå slektningar når han ikkje var på vandring. Nå var Josva hjå søstera si, Marta. Han sat og las i huspostillen då lensmannen kom. «Kan æg inkje få fred når æg les Guds ord», sa Josva.

Ola, smeden på Bollestad, vart forarga på denne smughandelen, som han kalla det. Han sa til Josva at han fekk slutta med dette, elles skulle han verta melde. «Det jere du inkje, du melle meg `kje fø slikt inkjevetta», sa Josva. Så melde Ola smed han, og Josva fekk ei mulkt.

Neste gong Josva kom til Bollestad for å hente varer, sa Ola: «Nå fekk du sjå om inkje eg melde». «Ja», sa Josva, «du melde så en rektige sattan».

Søren Arneson var avhaldsmann. Søren likte heller ikkje denne brennevinsomsetninga og var etter Josva for dette. Josva lova å slutta, men lova nok litt for mykje av kva han kunne halda. Ein gong tidleg på morgonen, banka det på vindaugsglaset hjå Søren. Josva stod utanfor vindaugget og sa: «Dæ nytta `kje, nå må æg te Eigersund. Dæ va ei røyst inni mæg så sae; du må åga mæ dæ ponne du he». Før Søren fekk hindra det, var Josva alt langt på veg med hjulbåra si. Då dette hende, skal Josva ha budd hjå broren på Edland.

Josva hadde henta ei ku og leidde ho heim til eigaren, som var ein godt kjent mann i Gjesdal. Mannen sa Josva kunne få kua dersom han ville ta han i handa på at han skulle slutta å gå til Egersund etter brennevin. «Skal æg få eiga `na»? sa Josva. Josva stod og tenkte. «Nei, æg trur ikkje æg kan lova det, æg æ redd æg ikkje kan halda det», svara Josva.

Ingen veit om Josva drakk brennevin sjølv. For han var det ein måte å tene pengar på og han var glad i pengar.

## Mennesket Josva

Josva var ein slik mann som folk utnytta og mange heldt ap med. Det var nok ikkje alltid like greitt å vere Josva, men han var trufast, ærleg og han likte å prate med folk. Politikk kunne han òg diskutera.

Ein gong måtte han skofta konfirmasjonsundervisninga. Presten ville vita grunnen for det. «Jeg måtte røkta min faders kveg», svara Josva. Det var god nok grunn for presten.

Josva var glad i pengar og samla på 2-kroner. Ein gong sto han fast i ei fjellhulle i Sirdal og ropa etter hjelp. Då hjelpa kom, meinte Josva han måtte få tau rundt livet. Hjelpemannen meinte han berre kunne halda Josva i handa. Skulle Josva få tau på, måtte han betale 2 kroner. Josva ville ikkje gje mannen pengar og difor gjekk han ned med eiga hjelp.

Torger A. Ravndal fortel om det første minnet han har om Josva. «Det var auksjon på Bjelland i 1880. Det vart selt ei flaske med eit drammeglas av tre, opphengt på korken. Dette drammeglaset var forma som ei skål og pryda med rosemåling i raudt og gult. Far min fekk tilslaget, og Josva var straks på plassen og skulle smaka på». «Hau, hau, det var sur saft», sa Josva.

Ein gong Josva kom ruslande oppover Gjesdalveien på Sandnes, stod fiskehandlar Jonasen i krossen og selde fisk, og tala med ein kjenning. Då dei såg Josva, sa den eine av dei. «Der kjem Josva Kyllingstad, nå skal me ropa han hit og ha han til narr ei stund». Og så ropa dei, «Josva, kom hit». Ja, Josva stakkar, rusla bort til dei og spurde. «Nå, ka æ dæ de vil meg»? «Har du lese Stavanger Aftenblad i dag og sett det mirakelet som har hendt», spurde dei. «Nei», sa Josva, «ka æ dæ»? «Fann æ daua», sa den eine. Josva stod litt og såg alvorleg på karane, så sa han: «Stakkars dokke som he møst far dokka». Så rusla han roleg vidare og dei to Sandnesgaukane stod igjen, ikkje så lite lange i andletet.

Josva, stakkar, hadde nok sine tunge stunder når han tenkte tilbake på den farne tida si som hadde runne bort, år etter år, i meinings inkjevetta. Han hadde nok, i sin ungdom, drøymt om eit rikare liv, om elskhug og eigen heim som alle andre. Han var ein sprek kar då han var soldat på Gimlemoen i 1865. Det var visst ikkje større forskjell på han og andre då. Men slik kan det gå med somme menneskje. Dette såre hugdraget, og gamle minner, kunne stundom koma over han så tårene rann. Jentene tala han om, og tenkte på, til han vart eldgamal.

Ein gong var han hjå ein gamal god kjenning på Braut, Sven Nordås. Då han skulle gå, sa Sven: «Ja, kjem du til Veen, så må du helsa Taletta, syster mi, så mykje frå meg». Dette lova Josva, og tok strake vegen til Veen så fort han kunne og bar fram helsinga. Han fortalde då, at då han kom til Kyllingstad, var der ei vakker jente i konfirmasjonsalderen som spurde han om han ikkje ville venta på henne, så kunne dei kanskje verta eit par. «Å dæ tru æg at æg vil gjera for dæ va ei smellande fine jente. Æg trur nok æg kan få andre, men dei æ så stygge at æg ville 'kje ha dei om æg fekk heile Kyllingstad. Nei, inkje om æg fekk ei ku». Det høyrdest mest ut som han tykte ei ku var meir verd enn heile Kyllingstad.

Jørgen Skjæveland har fortalt: «Den siste gonga eg såg Josva Kyllingstad, då var eg ein stor unge som gjekk inn til Per Jenssen på Tengesdal. Josva låg på divanen inne i stova med eit blodraudt auga som såg gruffullt ut. Stakkar, han jamra for at det var så vondt, men han var sikker på at han vart god att».

Der var ein som spurte Josva kor lenge han ville halda på med den vandringa si. Då vart han harm og sa: «Æg ska gå mæ treskojedn å jåa te nittenhundre å førr». Hadde han greidd det, ville han då vore rundt 100 år.

## Gamleheimen

Ei stund etter måtte han gje opp vandringslivet. Han var då over 80 år og såg svært lite. Han fekk plass på gamleheimen på Ålgård. Her måtte han dela rom med ein som heitte Enevald, og så gjekk det som ein kunne venta. Josva som var van til å vera åleine, og sin eigen herre, vart til slutt så sinna på Enevald, at han gjekk til lensmannen og spurde om han måtte få lov til å slå han i hel «æg fær inkje lesa Guds ord i fred». «Nei, farbror, det må du inkje tenkja på», sa lensmannen. «For det første er det ei fæl synd, og for det andre så kjem du på tukthuset resten av livet». «Ja, men han æ dæ ratnaste menneskjæ så Gud he skapt, å så fann eige», sa Josva. (Josva var farbror av lensmannen).

I boka «Minner frå Edland», står det at Josva måtte betale 50 øre dagen for opphaldet på gamleheimen. Ein gong ville leiinga i kommunen leggje på taksten, men Josva nekta. Det var bestemt at betalinga var 50 øre, og slik skulle det vera, og slik blei det. Josva hadde god greie på pengar, og han hadde pengar då han døydde.

Gunnar Malmin skal ein gong ha sagt: «Stakkars Josva, nå he han vorte så blinne at han går på veddjene (veggene) å alt han ser». (Gunnar var son av Gideon, ein skomakar på Ålgård).

Sigrid Arneson har fortalt om ein gong ho måtte følgje Josva til gamleheimen. Synet var mest borte og han greidde ikkje å orientera seg. Han hadde kome seg ned i Krambugata, og fann ikkje vegen heim. Då paret passerte DFU-krossen på veg nedover mot stasjonen, stod det ein flokk ungar og ropte etter dei: «Josva æ ude å går mæ jentene, Josva æ ude å går mæ jentene». I den tida var gamleheimen i Kyrkjebakken på Berland.

Ja, Josva var mest blind på slutten, og var over 90 år då han døydde, men alle dei merkelege sogene som han fortalde, og som eg har fortalt nokre av, vil nok leva lenge mellom folket i sør Rogaland, skreiv Georg Fuglestad. Det fekk nok Georg rett i. Mange slåser om Josva levde på folkemunne blant litt eldre folk ganske lenge. Den dag i dag kan ein få dette svaret om vi nemnar namnet Josva. «Å, han med trillebåra».



## Gunhild Kvinnen fortel

I Karthon Håland si bok (1975) om Gunhild Kvinnen, «Et liv i fjellheimen», fortel Gunhild om Josva, frå side 134: «Det var en mann som het Josva, en snodig skrue. Han hadde ikke noe fast bosted, men fór rundt alle veier, av og til som skreppekar, av og til gikk han ærend for folk eller tok småjobber som vedhogging og lignende. Han var en mester til å gå. Det fantes ikke biler på den tida, slaktedyr som skulle selges, måtte enten leies eller drives til byen, og da tapte de jo mye i vekt. Det fortelles at Josva kjøpte opp kalver i Sirdal og kjørte dem til Sandnes på hjulbåre. (Kalvane vart stappa opp i jutesekkar slik at bare hovudet stakk opp, då vart dei ikkje kalde og låg stilt). To-tre døgn trengte han på en slik tur. Men kalvene åt gratis langs landeveiene og beholdt vekten.

Ellers brukte Josva gjerne hjulbåre når skreppa ble for liten. Han kjøpte ljåer og sigder, sakser og kniver i Sandnes og dro rundt i fjellbygdene og solgte.

Alltid var han på farten i et eller annet ærend. Rundt på anleggene var han populær. Arbeiderne sendte ham til Egersund etter brennevin. Han var en tvers igjennom ærlig mann og holdt det han lovte. Etter tre døgn var han tilbake i Øvre Sirdal med full brennevinsskreppe. Selv drakk han visst ikke sterke saker.

Litt gal må han nok ha vært, men han kunne være svært slagferdig når folk drev gjøn med han. Noen karer sa til ham: «Har du hørt at nå er Vondemannen dau»? «Jasså. Ja, stakkars dokke som er blitt farlause», flirte Josva.

Innerst inne var han nok en dypt religiøs mann, han siterte ofte bibelord. Men så kunne det komme perioder da han kjempet fælt med djevelen. Da hadde han det ikke godt. En gong sloss han med djevelen i Hunnedalen. Folk så hvordan han hoppet omkring og slo vilt rundt seg etter den usynlige vonde. Der kampen stod, var jorda foran Josva opptrampet etterpå.

Djevelen kunne dukke opp foran Josva brått og uventet og komme med de mest utspekulerte forslag. Dette fortalte Josva om selv:

«Eg kom gående ned på flaten og skulle begynne på den lange Øysteinsbakken. Så sto djevelen med eit på vegen og foreslo at me skulle kappspringa opp. «Eg skal nok vinna», sa han. Men eg var lur, eg stupte uti vatnet, sømde tvers over og tok ein snarveg opp slik at eg kom fyrst. Hau, hau, då skulle du sett kor rasande vondemannen blei! Eg sa til han: «Ikkje skal du få fatt i meg meir».

Josva var mange ganger i Ousdal (der Gunhild vaks opp). Jeg husker at far kjøpte en god saks av ham engang.

Da jeg i 1916 giftet meg med Aslak og skulle flytte til Kvinnen for godt, kom Josva og tok meg i handa og sa: «Gud bevare deg for alt vondt, gilde jente! Ekteskapet er eit fælt skap som ein må være i enten ein vil eller ikkje».

Josva selv var aldri inni det «skapet».

Inn til Kvinnen kom Josva flere ganger. Å ja, han fór mye lenger enn det òg, helt over til Setesdal.

Det hendte at folk var stygge med ham. En ugudelig kar som de kalte Flaumen, satt i stua på Kvinnen en gang Josva var der. Flaumen var fæl til å banne, og slikt likte ikke Josva. Men nettopp derfor snakket Flaumen mye styggprat, og han sa at han skulle gi Josva godt med juling.

Josva sprang grinende ut. Der traff han Torjer, min kjempesterke svigerfar. Svigerfar var en snill og god mann, men han kunne bli sint når folk var stygge mot de som var svake og hjelpeløse. Nå stod Josva der og gråt mens han fortalte hva som hadde hendt inne. Da fór sinnet i svigerfar. Han sprang

inn, hogg sin svære neve i brystet på Flaumen, bar han ut og heiv ham langt ut på vatnet. «Prikka du på Josva ein einaste gong til, skal eg hiva deg dobert så langt», sa han. Men det ble aldri aktuelt, Flaumen syntes han var blitt kastet langt nok.

Josva var godt likt av alle, en kunne stole på ham som på Bibelen. Uvenner hadde han visst ikke».

## Brita Hadland fortel

Brita Hadland har fortalt: «Me ungane tykte alltid det var gildt når Josva kom loffande til gards, og me samla oss i stova der han var. Han hadde gjerne gode ord til oss, sa at me var fine eller gilde. Slikt var me ikkje vane å høyra, og me like han for det. Elles tykte me det var noko originalt, ja, festleg ved heile Josva-karen.

Han snakka fort, Josva, litt snuflande, men me hørde godt kva han sa. Fyrst måtte han få mat. Mor visste han var svoltet og hadde ferdast langt. Kanskje kom han like frå Setesdal eller Egersund. Då kunne det vera langt mellom måltida, kanskje halve eller heile dagane. Difor var det vel at Josva såg ut til å ha så god mathug. Det hende stundom at mor sa til oss når me var dugeleg svoltne og åt godt, at me åt som det skulle vera han Josva.

Han fortalde gjerne frå turane sine, Josva. Kanskje hadde han vore innom einkvan staden på vegen, og. Ein gong kom han frå ein stad der kona nettopp hadde fått tvillingar. Dette fortalde han og sa: «Men tenk, ho mjølka ikkje skvetten, ikkje meir enn ei gjeldskreppa». (Ei avgjelde ku). Det var sjeldan dei var slik konene i den tidi, og det var eit lyte.

Ofte kom han inn på meir alvorlege ting, og då kom han med bibelord. Det var gjerne før han skulle seia farvel og gå. Då sa han gjerne «syster» eller «bror» til den han preika for. Ein gong sa han: «Ja, syster, du må tenkja på enden». (slutten av livet). Han sa også: «Josva er ein fant og ærleg mann». Ja, ærleg var han, det skal vera visst. Alle kunne lita på Josva, hadde dei bede han gjera eit ærend for seg. Og ein mann som er ærleg kan ein ikkje kalla fant. Det var all den loffingi han meinte likna på fantelivet. Men d e t var livet hans, slik lika han å ha det. Eit friskt og gildt liv, tykte Josva det var. Han trøytna ikkje, slik som andre, når han var ute og gjekk. Han bøygde seg i livet og halla litt framover, og føtene slo han helst innover, såg det ut til. Tidt når me såg andre gå slik bøygde, sa me: «Han set ut baken som det skulle vera han Josva».

Ho fortel vidare at då Josva vart gamal og kom på gamleheimen, vann han ikkje gå så langt, og han såg lite dei siste åra han levde. «Eg hørde dei seia at om sundagane tok han turen til fru Petra Edland. Ho skulle lesa teksti for dagen åt han».

Vidare har det blitt fortalt at Petra somme gonger hoppa over nokre vers, men då varskudde Josva (som kunne bibelen) at ho måtte lesa alt.

## Sigfrid Tøge Figved fortel

Det var nok av originalar. Skal berre taka med ein av dei. Han heitte Josva og var original og vitug på same tid.

Folk fekk han til å gå til Eigersund bolag etter brennevin for kr 0,25 for flaska.

Då han budde på Ålgård, kom han stundom innom heime og fekk seg mat og kaffi. Me ungar var nok ikkje så lite nasevisne når Josva kom. Me var så forvitne på kva han sa når han las for maten. Han folda hendene som vanleg, så la han hovudet heilt nedåt og las halvhøgt både lenge og vel. Det var

ikkje fritt me seink etter sukkerstykke. Han tok opp ein heil haug or lomma, slumpa dei oppi kaffikoppen så det bobla.

Stundom kom han trillande med ei hjulbår. Han hadde då med seg Ijåar frå Kverneland og Gjesdalsokno, og hadde med heimatt ku og hestehalar. Kvar han kom fekk han mat, kaffi og husrom.

Han var ein påpasseleg kar som ikkje sløsa vekk noko, men la seg opp pengar.

Når nokon snakka til han etter Eigersund turane, lova han bot og betring. Med det var ikkje lenge før han daska i veg att. Han sa at han ville vore eit betre menneske, men så var der ein stemme i han som sa: «Josva, du må ågra med det pundet du hev».

Han var lang og turrsprek. Stundom sette han på sprang. Då var han ein gammal mann med kvitt hår og skjegg som ein krans rundt haka.

Han vart 92 år gammal.

## Paul Tengesdal skriv i «Erindring»

Josva var middelaldrende da han begynte å ferdes om Versland og Tengesdal på sine reiser frå Gjesdal til Sirdal. Han hadde nemlig slektninger på de to førstnevnte plassene.

Josva var ingen vanlig omstreifer. Han var nærmest en ærendsmann i frivillig og gratis omførselshandel. Josva var en egenartet mann i flere henseende. Hans måte å gå på var så egenartet at man kunne kjenne han på lang avstand. Han hadde også en egen måte å leve på. Han kunne banne og be så å si på en gang. Han kunne gråte og le samtidig. Han kunne gå og springe på en gang – selv om han ikke kunne sykle. Han kunne også selge og kjøpe under samme turen. Men man kunne aldri høre at han tigget eller ba fremmede om noe. Han kunne gå og gå uavlatelig i dagevis, uten å bli trett. Ofte gikk han i «hemmelig» oppdrag fra Jæren like til topps av Sirdal. Som oftest var det Ijåer eller sigder Kvernelandssmeden fikk han til å draske på til Øvre Sirdal.

En kveld satt han inne i stuen til Peder og fortalte følgende: «Siste turen jeg var i Sirdal kom jeg til å kappspringe med selveste Vondemannen». Mens han fortalte gråt han som et barn. «Jeg ble enig med Satan at vi to skulle kappspringe et langt stykke». Og han fortalte hvor det var. «Dersom jeg ble først skulle jeg være fri for alltid. Ble han først, skulle jeg være hans for alltid. Så de kan forstå at jeg sprang av all makt, og jeg kom da også først til målet – heldigvis». Ja, slik kunne Josva være, innbilsk og truskyldig.

## Kjelder:

*Mykje er direkte avskrift av historia som Georg Fuglestad (1885-1974), frå Fuglestad i Bjerkreim, har skrive om Josva. Historia er lånt av Arnulf Fuglestad.*

*«Ålgårds Historie 1870-2007», side 272 og 273, av Ivar Brekken. Brekken viser òg til kva Hallveig Høy har fortalt om Josva i «Minner frå Edland». Josva var bror av farfaren hennar, Torger Johannesen. Brekken har òg noko Sigrid Arneson har fortalt.*

*«Driftesmalen», av Sigurd Eikeland, side 387*

*«Sirdal historie og kulturvernlag», årbok 2006. Georg Feid fortel om Josva under stykket «Fanter og kramkarer i Sirdal», av Steinar Tjomlid.*

*«Livsminne frå Gjesdal». Utgitt av Gjesdal Historie og Ættesogelag. (Oddvin Veen) Her fortel Sven Aalgård litt om Josva, side 272. Har og gjenteke det Sigfrid Tøge Figved fortel, side 245.*

*«Et liv i fjellheimen». Boka om Gunhild Kvinnen, av Karthou Håland. Side 134-136.*

*«Årbok for Jæren og Dalane», 1953. Ragnhild Oftedal har skrive kva Torger A. Ravndal og Brita Hadland har fortalt. Frå side 127-130.*

*«Erindring» , av Paul Tengedal, side 60 og 70.*

*Takk for god hjelp: Arnulf Fuglestad, Oddvin Veen og Kåre Vaule*

*Samla av Jorunn Kydland, mobil 900 54 063*

